


# Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 2 - april 2019 51. årg.



9:13 - gode relasjonar

side 4



Gravplassen Time kyrkje

side 6



Varmt hjarte i Brynebyen

side 8



Ny ungdomsarbeider

side 13

## Bryne - Time - Undheim sokn

### Kyrkjekontoret

tlf. 51 77 03 77

Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 - 14:00

Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne

Inngang frå Saronsbrotet

heimeside: <http://www.time-kyrkja.no>

e-post adresse: [kyrkjekontoret@time-kyrkja.no](mailto:kyrkjekontoret@time-kyrkja.no)

Prost: Kjell Børge Tjemsland tlf. 416 38 048

Kateket: Ingrid Time Nærland tlf. 401 67 222

Diakon: Marit Høie Hetland tlf. 48 89 69 19

Diakon: Jofrid Mikalsen Aarsland tlf. 48 89 72 32

Sekretær: Inger-Kathrine Kjølberg tlf. 51 77 03 77

Assisterande kyrkjevevjer: Siri Vik tlf. 906 43 758

Kyrkjevevjer: Gunnar Bjorland Stone tlf. 962 32 582

### Time

Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847

Organist: Oddny Underhaug tlf. 900 11 178

Trusopplærar Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872

Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62

Kyrkjetenar helg: John Ingve Olsen tlf. 481 56 048

Soknerådsleiar: Willy Finnbakk tlf. 913 86 545

Dagleg leiar: Anna Bergitte Skårland tlf. 990 26 276

Klokkar: Olav Njølstad Egeland tlf. 51 48 32 84

Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

### Bryne

Heimeside <http://www.brynekyrkja.no>

Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105

Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708

Trusopplærar Kristine Åsbø (permisjon) tlf. 950 20 920

Vikar Mari Ask Helland

Barne- og ungdomsarbeidar Marion Lende (permisjon) tlf. 904 16 888

Klokkar: Leif Andenes tlf. 909 93 176

Sekretær: Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 77

Soknerådsleiar: Ola Undheim tlf. 908 58 793

Dagleg leiar Bryne: Bjørn Inge Hauge tlf. 481 27 481

Kyrkjelydsmedarb.: Johannes Kleppe tlf. 951 42 602

Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62

Kyrkjetenar helg: Karin Sofie E. Olsen tlf. 467 98 464

### Lye forsamlingshus

Heimeside <http://www.lyeforsamlingshus.no>

Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847

Leiar fors.styret: Liv Heidrun Heskestad tlf. 905 69 189

### Undheim

Heimeside <http://www.undheimkyrkja.no>

Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20

Sokneprest: May Brit Merland Arnø tlf. 46 79 45 18

Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346

Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560

Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandsmark tlf. 996 26 157

Dagleg leiar: Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 77

Besøk vår nettside:

**[www.time-kyrkja.no](http://www.time-kyrkja.no)**

E-post sokneråda:

Time sokneråd: [time.soknerad@time-kyrkja.no](mailto:time.soknerad@time-kyrkja.no)

Bryne sokneråd: [bryne.soknerad@time-kyrkja.no](mailto:bryne.soknerad@time-kyrkja.no)

Undheim sokneråd: [undheim.soknerad@time-kyrkja.no](mailto:undheim.soknerad@time-kyrkja.no)

## Til ettertanke

### «Gå an kor lange arma Jesus har!!»

*Hun sa noe svært viktig og sant, jenta som kom inn i kirkerommet i Gand kirke og så Per Odd Aarrestad sitt mektige kunstverk i stål på fondveggen. Motivet er påskens motiv der Jesus henger på korset sammen med de to røverne, én på hver sin side. Jesu armer er laget overdrevent lange, slik at de omslutter begge røverne. Samtidig er Jesu armer begynnelsen på en bue oppover, en sirkel, som usynlig danner hele jordkloden. Dermed er symbolikken med å lage armene slik Aarrestad har gjort, at disse armene favner alle mennesker på jorden, til enhver tid. Den gode kommentaren til jenta, som nærmest «hang i veggene» da jeg var prest der, var både fornøyet og sann.*

*Det er påske. Guds, og dermed Jesu armer, omslutter oss alle. Der er en trygg favn for oss å få lov å være i. En favn som omslutter oss mennesker med all Guds godhet. I denne favnen har vi del i forsoningen mellom Gud og oss mennesker, vi har tilgivelsen og nåden, vi er rettfærdiggjort i Kristus, vi blir arvinger til Guds rike, ja, alt det innebærer å være favnet, sett og hørt av Gud.*

*I profeten Jesaja tales det om Gud på følgende måte, først i spørsmålsform: «Er mi hand for kort til å fria ut, har eg ikkje kraft til å berga?» Jes 50,2. Profetboken gir selv det tydelige svaret på spørsmålet noen kapitler seinere: «Sjå Herrens hand er ikkje for kort til å frelsa, og øyret hans er ikkje for tungt til å høyra» Jes 59,1.*

*Guds hånd er verken for kort til frelse*



Per Børge Tjemsland

*eller Hans hørsel for dårlig til å høre. Skylden for vår synd er tatt bort. Alle stengsler til Gud er samtidig borte, og hans dør satt vid åpen for oss. Påsken handler om Gud som ser og elsker oss, og som vet at vi ikke kan finne veien selv til frelse. Den må gis og åpenbares for oss. Derfor handler Gud selv og gjør dette mulig. Dåp og tro åpner opp for hele Guds store kjærlighet til oss. Han strekker dermed sine lange armer mot oss, hver dag. Vi skal få hvile i hans favn. Den er stor, vid og åpen for alle som kommer til Ham. Han hører oss når vi ber; hans øre er ikke tunghørt. Han lytter til våre rop. Han gleder seg sammen med oss. Takknemligheten vår er et positivt svar tilbake til Gud som ga oss Jesus.*

*Gled deg over påskens budskap! Følg Jesus Kristus i tro og tjeneste. Del Han med dem rundt deg. Vær stolt over Jesus og din tro. La oss ta Romerbrevets sterke og utfordrende ord med oss ut i vår hverdag: «For eg skammar meg ikkje over evangeliet. Det er ei Guds kraft til frelse for kvar den som trur.....(Rom. 1, 18). Hvert menneske trenger Forsoneren, Jesus Kristus; og Han er der for oss til vår frelse.*

Prost i Jæren prosti  
Kjell Børge Tjemsland

**Framsida: Krusifikset i Time kyrkje (truleg frå 1300/1400-talet). Sjå óg side 5. - Foto: BH**

## Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Gunnar Frøyland,

Reidun Jane Heskestad, Arnfinn Vigrestad og Bjørn Håland.

Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til [helgedagen@gmail.com](mailto:helgedagen@gmail.com) innan 9. mai 2019.

Neste nr. kjem ut ca. 6. juni 2019.



# Min påskesalme

## Å salige stund uten like

Å salige stund uten like, han lever, han lever ennå!  
 Han vandrer i seierens rike, min sjel,  
 hvorfor sørger da du?  
 Han er ikke lenger i graven,  
 hvor bleknet i døden han lå;  
 I: jeg levende så ham i haven,  
 og aldri så skjønn jeg ham så. :/

Han lever, og jeg skal få bringe  
 hans venner det salige ord-  
 tenk, jeg som er ringest blant ringe,  
 den minste han kjenner på jord.  
 Tenk, jeg skal hans hilsen frembære,  
 å kunne jeg synge det ut!  
 I: Mer kunne ei engler begjære  
 enn gå med så salig et bud. :/

Å salige stund uten like, han lever, han lever ennå!  
 Han vandrer i seierens rike, min sjel,  
 hvorfor sørger da du?  
 Du søkte din trøst i den døde og  
 dvelte ved gravnatten kun;  
 I: så fikk du den levende møte,  
 å salige, salige stund! :/

Tekst: Johan Halmrast 1890

Melodi: Kristian Wendelborg 1890

Det er med stor glede eg no etter kvart tenkjer fram mot påske - denne fantastiske høgtida der vi får feira det aller største som har skjedd gjennom historia - Jesus død og oppstått! Det er sterke bibeltekstar og sterke salmar som skildrar dette som skjedde i Jerusalem for 2000 år sidan. Blant alle salmane som

"Eg synest denne salmen får fram både det veldig store i påskeevangeliet og det nære i at Jesus møter Maria heilt personleg: ..."

Ingrid Underhaug Nielsen



eg kjenner og er så glad i, må det vera «Å salige stund uten like» som ligg mitt hjarte nærast.

Det må vera den veldig nære og personlege skildringa av Maria Magdalena sitt møte med Jesus etter oppstoda, som rører meg kvar gong vi syng denne salmen. Ho var den første Jesus viste seg for, etter at han hadde stått opp, i gravhagen påskedagsmorgon (Joh. kap. 20). Det er også denne Maria som vart sett fri frå sju vonde ånder av Jesus (Luk. 8.2) og som også vart helbreda frå alvorleg sjukdom. Ein gamal kyrkjehistorisk tradisjon fortel at ho er den same kvinna som salva Jesu føter og tørka dei med håret sitt. Vi anar eit liv som er blitt forvandla av Jesus, slik også mi og mange si erfaring er.

Eg synest denne salmen får fram både det veldig store i påskeevangeliet og det nære i at Jesus møter Maria heilt personleg: «Å salige stund uten like, han lever, han lever ennå! Han vandrer i seierens rike, min sjel hvorfor sørger da du? Han er ikke lenger i graven, hvor bleknet i døden han lå; Jeg levende så ham i haven, og aldri så skjønn jeg ham så.»

Forfattar og salmediktar, Johan Halmrast, skreiv som 24-åring denne salmen i 1890. Han levde eit krevjande liv etter det vi kan lesa om han, noko som for meg berre gjer denne salmen endå vakrare. Det er midt i det levde livet, med alt det inneber, at Jesus viser oss kven han er. Ein fantastisk Herre som stod opp av grava og lever i dag!

## Miljø, møteplass og misjon



### NMS Gjenbruk Bryne

Parken senter Inngang ved  
hjørnet Saronsbråtet og Meierigata

### Vi tar imot og sel:

Møblar, kjøkkenutstyr, bøker, måleri, leiker,  
pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.

Vi tar også imot stumpar av stearinlys

Telefon 400 37 151

Opningstider:

måndag-fredag 10.00 – 17.00 laurdag 11.00 – 15.00



### FRETEx butikk Bryne

Parken senter Inngang ved  
hjørnet til Erlandsbakken og Meierigata

### Vi tar imot og sel:

Klede, kjøkkenutstyr, måleri, bøker, møblar,  
pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.

Telefon 922 09 638

Opningstider: måndag stengt.

tysdag-fredag 10.00-16.00 laurdag 11.00-15.00



## 9:13 - ein stad for gode relasjonar



*9:13 er Bryne kyrkjelyd sitt arbeid blant barn/unge frå 4. - 7. klasse.*

*Møteplass i Bryne kyrkje ein torsdag i månaden kl 17.30 - 19.30.*

*Her er mange ulike grupper å vera med i.*

### **Frammøte**

Ein leiar fortalde at då han låste opp kl 17, stod det alt nokre ved døra og venta. Før felles oppstart i Kyrkjestova, var det allereie stor aktivitet i kjellaretasjen.

Det er mellom 60 og 80 deltakarar kvar gong - både jenter og gutar.

Alle vert registrerte når dei kjem, og då betaler dei òg for mat.

Helgedagen var på besøk på 9:13 dei to første gongene i 2019.

Her var stort engasjement med livsutfalding på mange vis. Ved oppstart samlast alle i Kyrkjestova. Ei handsopprekking - og gruppene var klare. Det var lov å vandra litt mellom ulike grupper.

**Forming** var ikkje uventa jentene sin arena. Formingsmateriellet var innbydande der det låg. Aktivitet med saks, papir og lim er tydeleg noko jentene trivst med. "Eg likar forming, er her kvar gong". Hemmelege Valentinskort vart laga med stor presisjon. Venskapeleg samtale og positiv stemning.

**Matlaging** viser seg også å vera jentene sitt domene. Vil gutane berre eta det som vert laga? Det gruppa lagar, skal nemleg etast på kaféen seinare. Muffinsformer vart spreidde på plate, deig og fyll gjort klar. God arbeidsdeling

- herleg lukt av bakverk spreidde seg i kjellaren. Kjelde-sortering høyrde òg med. I dag var popcornmaskin og på plass, så her var litt for ein kvar smak.

**Dansegruppa** hadde si første samling - 13 jenter dansa med lette steg og talande rørsler. Leiaren dansa saman med jentene. Musikk og dans understreka tekst, så det vart ein lovsangsdans for oss som såg på. Gruppa har alt fått spørsmål om å opptre. Det er ikkje verst etter ei øving! Dei dansar for dei andre på Bibeldigg. Leiaren har klart for seg at deltakarane sjølve skal få bestemma songar og rørsler. Ho vil vera rettleiar, oppmuntrar og styra musikken.

**Spel:** bingo, hockey, Playstation, fotballspel, biljard, Nintendo Switch samla som venta dei fleste av gutane. Roleg samtale vart broten av seiersrop og heiarop. Nintendo Switch hadde fått Bjørn Inge med i sofaen - så spørst det, takla han presset? Twister utfordra atletiske evner - her var jenter i full sving som "slangemenneske".

**Uteleik:** "Boksen av" og andre leikar er populære. Ein gjeng friske gutar og jenter valde uteliv og var klar for fysisk aktivitet - akkurat slik me gjorde i "gamle dagar". Godt å oppleva at slike uteleikar framleis skapar engasjement og glede.

**Bibeldigg** - er graving i Bibelen - trusopplæring. Barn/unge skal bli kjende med Jesus, få gode venner, ha det kjekt saman og bli kjende med dei vaksne og med Bryne

kyrkje. Film fangar. Me blir minna om at me aldri er åleine og fekk med oss spørsmålet: Kva om Gud er midt oppi alt det du møter i løpet av dagen?

Før alle går på kafé, blir det gitt ei oppmoding: Bord-skikk gjeld, og vi må dela slik at alle får! Rydd etter deg! Muffins vart sett pris på! Stor trengsel rundt matbordet, så rettleiing måtte til, men alle fekk både mat og drikke.

### Kvifor gå på 9:13?

Nesten alle sa dei var her for å ha det kjekt saman med venner og for å få nye venner. Mange er og blitt inviterte med av venner. "Eg begynte i dag. Det er gøy. Eg vil koma igjen." Ein annan sa: "Bestevenner seier det er gøy. Eg er enig". Ein sa at Playstation var viktig for at han kom. Ein 7. klassing har gått sidan 4. klasse og synest framleis det er kjekt.

Leiarar: Eg møtte Hans Tore Hetland, Oddgeir Braut, Atle Riskedal, Jannicke Haugan, Beate Ege, Gunn Kristin Sperrevik, Hanne Kloster, Oddgeir Høyekvam. Oline Høie Hetland og Kaia Kloster Bruno er ungdommar som er med som leiarar. Alle desse gjer ein kjempeinnsats og mange barn/unge i kyrkja vert sett.

Sidan det stadig kjem fleire barn/unge på 9:13, er det behov for fleire leiarar. Oppmoding går til foreldre eller andre vaksne: Tenk på om du skal bli leiar i 9:13!

Tekst og foto: RJH

## Krusifikset i Time kyrkje

Krucifikset er et merkelig og skjønt arbeide – i særdeleshed benene og de vidunderlig behandlede føtter – de hører til de mest plastiske detaljer vi har av den slags.

Slik skreiv Dominico Erdmann, representant for Riksantikvaren, som restaurerte altartavla i Time kyrkje i 1921.

Krucifikset i Time kyrkje er truleg frå seinmellomalderen (1300/1400-talet). Det er kanskje eit hollandsk arbeid. Det er ikkje usannsynleg at det i ei tidlegare kyrkje var plassert over kordøra eller over altaret.

Det er eit gotisk krusifiks, ein stil som var blitt vanleg på 1200-talet. Dei gotiske krusifiksa viser den lidande Kristus. Her kan me sjå tornekrona, naglane i

føter og hender, og eit lidande ansikt.

Inskripsjonen INRI er ei forkorting for den latinske teksten Iesus Nazareus Rex Iudaeorum, dvs "Jesus frå Nasaret, kongen over jødane", jfr Joh 19,19-20.

Lokalhistorikaren Eivind Hognestad skreiv slik om dette krusifikset: «Millom dei gamle krusifiks på kyrkjejubileums-utstillingi i Nidaros 1930 fann eg ikkje noko så fint plastisk utforma som det me hev i Timekyrkja. Det er ei gåte korleis dette kunstverket kunde koma hit til den vesle kyrkja på Jæren.»

Arne Berge

Tatt fra nettsida <https://arneberge.wordpress.com/tag/time-kyrkje/> - (sett 13.03.2019)



# UTVIDING AV GRAVPLASSEN VED TIMEKYRKJA



Alle som har kjørt over Vestly det siste året, har lagt merke til stor graveaktivitet aust for noverande kyrkjegard ved Timekyrkja. No er anleggsmaskinane i ferd med å forlata området, og det som før var sump- og myrområde, er forvandla til reine parken med rennande vatn, gangstiar, benker og bruer. Til sommaren vil Time kommune få tilgang på 1795 nye graver - som då vil dekke behovet i mange tiår framover.

Gravferdslova seier at det til ei kvar tid skal vera gravplass til 3% av befolkninga i kommunen, og med denne nye utvidinga vil Time kommune få ein gravplass som òg vil kunna nyttast av andre trusretningar og religionar. Helgedagen møtte ei godt fornøgd kyrkjevevjerje, Gunnar Bjorland Stone.



- Ja, alt i 2013 fekk kommunen laga eit prosjekt som viste ulike alternativ for utviding av gravplassen. Behovet for nye graver var ikkje prekært, derfor hadde ein god tid til planlegging og utføring av prosjektet. Medan kyrkjegarden frå gammalt av kun var lagt til rette for kiste-graver, vil dei nye felta ta omsyn til utviklinga og behova i eit moderne samfunn. Det har òg vore viktig for oss å gje

eit gravtilbod til folk av ulike tru og religion. Tidlegare har ofte timebuar frå andre trussamfunn valt å verta gravlagde i Stavanger, der det blant anna er tilrettelagt med muslimske gravfelt. No får Time både eit felt med alternativ himmelretning og eit for alternative gravminne, for å ivareta andre trusretningar.

Me får og ein namna minnelund, noko me ikkje tidlegare har hatt. Dette vert eit fint område med felles gravminne med namneplater for dei som er gravlagde der. Planting og stell vert utført av gravplassforvaltinga. Det er ikkje alle som ønskjer eller kan setja opp eigne gravminne, heller ikkje ta seg av stell og vedlikehald. Derfor er ein slik



namna minnelund ein flott og verdig måte å ivareta desse behova på! Minnelunden er kun for urner.

Det vert òg eit eige område for vanlege urnegraver. Stadig fleire, òg i vår kommune, vel kremasjon, og derfor er det viktig med eit eige felt for dette. I tillegg skal det vera eit område for minnesmerke for det ufødde liv, der folk kan setja ned blomar og lys.

Som kyrkje- og gravforvaltar er det viktig for oss å ivareta dei som opplever sorg i samband med dødsfall. Dette gjer me på fleire måtar, både gjennom samtale, sjelesorg og oppfølging. Men det er òg viktig for oss at gravplassen vert ein stad som innbyr til ro og refleksjon, der folk kan oppleve det godt å vera, midt i sorga og saknet. Dette håpar og trur me at den nye gravplassen vil ivareta på ein god måte.

Gunnar Bjorland Stone ønskjer og å retta ein stor takk til Time kommune, arkitektar og entreprenørar som alle har gjort ein fabelaktig jobb med prosjektet!

AV

# I Helgedagen for 50 år sidan

Slik såg framsida av Helgedagen ut for 50 år sidan. Trykksaka var ikkje stor men kom ut månadleg, med unntak av sommaren.

Lars Eskeland (1867 - 1942), som har skrive songen her, var norsk forfattar og skulemann, fødd på Stord. Han skreiv både talar, innlegg i blad og aviser og frittstående verk. Han gav ut lærebøker og fleire biografier. Han var også aktiv målmann.

Eskeland var ein føregangsmann for folkeskulerørsla, og grunnla Voss Folkehøgskule saman med Olaus Alvestad i 1895. Han var styrar av skulen i tida 1895 til 1927, då han måtte gå av etter at han hadde konvertert til katolisismen i 1925. Om han hadde halde fram som styrar av skulen, ville skulen ha mist statsstøtta.

Redaksjonen



**TRENG DU NOKON Å  
SNAKKE MED?**

Nokre som ringjer tenkjer på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde.  
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](https://kirkens-sos.no)

**SOS**  
22 40 00 40

**SOS**  
CHAT

**SOS**  
MELDING

**KIRKENS**  
**SOS**

**VI TRENG FRIVILLIGE.**

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg?  
Kvart år svarar vi samla kring 200 000 samtalar via telefon og internett, likevel er det ein av tre som ikkje får svar.

Les meir og meld di interesse på [kirkens-sos.no](https://kirkens-sos.no)

Å snakke med folk om livet gir meining.

**KIRKENS**  
**SOS**



## EIT VARMT HJARTE I BRYNEBYEN

**Det er VM-veke på ski. Norge er på kartet i Seefeld. På høglys dag er kanskje Sivdammen den siste staden på Bryne me tenkjer og trur at Østerrike er i sentrum akkurat desse dagane.**

Helgedagen er innom Sivdammen Kafé, ein viktig del av Sivdammen velferd-senter. På disken tronar Hulda Garborg-visdom i ramme. Her er det matserving som startar med frukost kl.08.00, men få nyttar dette tidlege tilbodet. Etterkvart kjem turgrupper innom for kaffi og litt mat. Tid for middagsservering er kl.11.00-13.30, og då vert det meir liv.

Mat kan også kjøpast med heim. Sivdamkaféen er open for alle og vert styrt av to blide damer. Dei er kjøkkensjef og kokk og mor og meir for kundane sine. Kort sagt: ein stad med sjel og atmosfære.



*Hulda Garborg-visdom*



*Dei to blide damene. Frå v. kjøkkenleiar Lise Solsvik og kokk Tone Stensland*

### Rundebordskonferanse

Ja, rundebordskonferanse finn stad kvar dag omtrent heile opningstida. Om det er stamgjester, eller førstemann til mølla-prinsippet, som gir plass ved det eine store, runde bordet i kaféen, veit eg ikkje. Denne dagen var vel vaksne menn sessa der, og samtalen var disiplinert og vedvarande. Men det er mange andre vanlege, rektangulære bord i salen med god plass til alle formål.

Ved bare å vera tilstades, sjå og ta inn atmosfæren, forstod eg at dette er ein verdifull plass for heile mennesket. Her er det ikkje bare god, rimeleg, heimelaga mat, men også sosialt liv. Me har bruk for, og glede av nokon rundt oss, nokon å snakka og dela tankar med når faste rutinar og travel arbeidsdag ikkje er på dagsprogrammet lenger. På Sivdammen Kafé treffest venner og får nye venner. Det

er tid til nyheter, til å mimra om gamle dagar, lokal-historie eller Brynebyen i dag. Eit «mini-historielag» kanskje, med lang livsrøynsle som bakteppe.

### Trivsel

Ein av dei eldste i laget, Sverre Gabrielsen, som snart går mot 90 år, let seg overtala til å snakka med Helgedagen. Dei eldre lesarane minnest nok Sverres Konditori i Storgata. Det dreiv han saman med kona i meir enn 30 år. Då alvorleg sjukdom ramma henne, vart han einsam i heimen. I tillegg til daglege sjukebesøk, vart også Sivdammen fast på programmet. Nesten dagleg, heilt frå kaféen var eit faktum, har han vore her. «Før dei bygde her, Rådhuset og alt, gjekk Frøylandsvatnet heilt opp til vegen der», peikar han. Ny kunnskap for meg som forstår at plassen ber namnet med stor rett. Så fullrosar han denne heilt spesielle møtestaden. Han fortel at dei to blide damene gjer alt dei kan for kundane, ikkje bare ved å servera god mat. Igjen og igjen finn dei på noko ekstra som opplevest veldig heimsleg. Denne veka er VM på ski det store. Kvar dag tippar gjestene resultat for medaljar i Seefeld, og tippevinnarar skal kårast til medalje ved VM-slutt. Fredag skal det serverast gratis medaljekake etter middagen. Ein av dei yngre ved det runde bordet, Åsulf Kvammen, organiserer årleg bilturar i



*Sverre Gabrielsen*



*Slik vart medaljekaka*

distriktet eller vidare. Og Sverre sjøl har i årevis invitert og organisert til sommar-hageselskap heime, siste gong for to år sidan.

### Velkommen til nye gjester

Kjært barn har mange namn, seier ordtaket. Sivdammen Kafé har bare eitt, men er desto meir eit kjært omgrep for mange. Eit omgrep som rømer fred og ro,

glede, godhet, medvandring, omtanke. Og ikkje minst eit hjarteleg velkomen til nye som har lyst å koma til ein slik kafé. Du treng ikkje ein gong skilta med å vera vaskekte Timebu. Det er heilt i orden å koma utan "pass". Dette fortel kokka, Tone Stensland. I tillegg til å servera middag denne dagen, har ho fire kringler til heving bak disken.





«Ja, me leverer på bestilling både kringler, kaker, smørbrød osv. – Sivdammen Catering. Ved disken er det heimebaka brød til sals, og i desember er julekaker populære. Me ynskjer å vera på tilbodssida slik at alle kan trivast hos oss.

Trivsel er eit pluss både for tilsette og gjester. Det gir inspirasjon til alle og arbeidsglede. Kaféen skal vera ein link til dei andre aktivitetane på huset.»

«Korleis maktar de alt dette med bare to tilsette?» undrast eg.

- Svaret er planleggingsboka. Planane er klare for eit par



veker fram med meny og innkjøpslister. Grundig planlegging ligg i botnen og gir fasiten. Den andre blide dama, som vart omtala av kundane, har vinterferie denne veka. Ho heiter Lisa Solsvik og er kjøkkenleiar.

Gjestene på Sivdamkaféen er storfornøgde. Etter god middag, drøs og kaffikopp, kan dei som vil trekkja innover gjennom neste dør. Der ventar ein stol til dei som vil ha ei lita trimøkt.

Siste ord er ikkje sagt om Sivdammen Kafé, for denne plassen fortener overskrifta - eit varmt hjarte i Brynebyen!

emb

Ps --- og ikkje minst: Takk og honnør til Time kommune for Sivdammen velferdsenter

## Frelsesarméen Bryne

### Velkommen til Boardgamers Spillekveld for ungdommar frå 15 år og oppover

Kvar fredag er det ope hus på loftet i Frelsesarméen sitt lokale, Vardheivegen 4, Bryne. Helgedagen har hatt ein liten prat med Kjell Tore Hareland. Saman med John Ingve Olsen har han ansvar for dette tilbodet. Begge er studentar ved universitet i Stavanger (UiS).



*Frelsesarmeen, inngang 2*



*Frå v. - Werner Ødegård og Jan Kjetil Nygård*

Kjell Tore har gått i Frelsesarméen frå han var liten. Derfor var det naturleg for han å vera med då dette nye tilbodet starta opp i september 2018. Hovudleiarar er Jan Kjetil Nygård og løytnant Julio Davila.

Kvelden begynner kl.19.30, men ein kan koma innom

utover kvelden, og programmet er:

Samling med ord for dagen, brettspel, mat, m.m.

Ved betaling kr.50,- (kontant eller Vipps) kan ein forsyna seg med diverse mat/ pizza og drikke. Mellom 5 - 10 stk har vore innom.

Leiarane, med Kjell Tore i spissen, ser gjerne at mange fleire finn vegen til loftstova.

Facebook: boardgamers FA Bryne



*Frå v Hans Erik Frøyland, John Ingve Olsen, Nathalie Ødegård og Ådne Undheim*

Med dette vil Helgedagen helsa velkommen dette nye tilbodet på Bryne og ønskja lukke til!

OU

# Trusopplæring i kyrkjelydane i Time



DEN NORSKE KIRKIA

## Hovudmål for trusopplæringa

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
- Jesus – frelsaren
- Den heilage Ande - hjelparen

Me deler tru og undring.

Me deler kristne tradisjonar og verdier.

Me deler opplevingar og fellesskap.

Me deler håp og kjærleik.

## Trusopplæring i kyrkjelydane våre

### Babysong på Undheim

Som ein del av tilbodet til den opne barnehagen har me babysong v/Ragnhild Hanssen for barn fødte i 2018 og 2019. Me møtest annankvar onsdag kl 10.30-11.00 (oddetalsveker). Barnehagen har ope mellom 10-12 kvar onsdag (følgjer skuleruta). Velkommen til ei hyggeleg stund for deg og babyen med song, rørsle og sosialt

samvære.

**Datoar våren 2019: 10. april, 24. april, 8. mai, 22. mai**

### Småsong på Lye

Velkommen til Lykkeliten opne barnehage annankvar onsdag mellom kl 09.30 og 12.30 (partalsveker). Song-



stund «småsong» kl 10.30-11.00 v/Ragnhild Hanssen.

**Datoar våren 2019: 15. mai og 29. mai**

### Gudsteneste med påskedrama

Palmesøndag er alle 4. klassingar i Time sokn inviterte til å vere med og lage gudsteneste med påskedrama på Lye forsamlingshus. Gjennom denne gudstenesta vil me oppleve dei ulike dagane i påskeforteljinga. Lye barne-gospel deltek også. Me ønsker store og små velkomne til gudstenesta!

**Lye forsamlingshus 14. april kl 10:30**



Teksten




Fotvask



Barnegospel



Palmetog



Song



## Pinsefart

I mai vert 2. klassingane inviterte til å vera med på pinsefart. Frå Kristi himmelfart via pinse og ut i heile verda - i full fart! Kva har ballongar og popcorn med Den heilage Ande å gjere?

Kva er koden for å finne skatten? Kven er på vinnarlaget? Kor blei Jesus av etter Kristi Himmelfart, og kor er han nå? Når har kyrkja bursdag? Det er mykje spennande me skal finne ut av i løpet av tre innhaldsrike samlingar. Aktivitet inne og ute, samling, laging, vindsus, ballongleik og mykje meir – dette blir kjekt

### Datoar:

**Bryne:** 14. mai, 21. mai, 28. mai kl 17:30 -19:00

**Lye:** 22. mai, 29. mai og 5. juni kl 11:30 -13:00

**Undheim og Hognestad (i Undheim kyrkje):** 21. mai, 28. mai og 4. juni kl 13:15 -14:45

## På sporet av Jesus

Alle fjerdeklassingane får invitasjon til «På sporet av Jesus» i Undheim kyrkje 15. juni kl 12:00 -15:00. Her vil dei få møte kjende personar frå bibelforteljingane i Det nye testamentet. Ut frå det dei fortel vil me kanskje finne meir ut om korleis Jesus møtte folk og kven Jesus er. Til slutt avsluttar me med tacofest. Velkommen til ein kjekk og spennande dag i kyrkja!

Raghild Hanssen



På sporet  
av Jesus



## Fredagskveld på Kyrkjetoget

Time kyrkje 10.mai kl. 20

Uformell kulturkveld, med takk for pianogåve

Tone Lea, piano og cello

Olav Njølstad Egeland, piano

Anne Kristine Røthing, munnspele

Songgruppa Shalom

Kaffi og drøs

Velkommen



Foto: BH

## På stabsbesøk - diakonane



*Smilande diakonar, frå v. Marit Høie Hetland og Jofrid Mikalsen Aarsland*

*Helgedagen har denne gongen hatt ein triveleg prat med diakonane i Time. Dei er for tida to, men frå sommaren av blir det endringar.*

**Jofrid Mikalsen Aarsland** (31), 40% vikariat fram til 1. april. Denne stillinga har ho hatt i tre år.

Jofrid er utdanna sosionom frå Stavanger, og ho har psykologi, religion og helse (bachelor) frå Ansgar-skulen i Kristiansand. Ho er gift, har ei lita dotter, og den vesle familien bur på Bryne. Barndommen sin hadde ho i Finnmark, Alta og Talvik, der faren var prest.

Diakonane deler på oppgåvene, også geografisk, og Jofrid har ansvar for Time og Lye. Kyrkjelyden sitt arbeid for dei psykisk utviklingshemma fell òg innanfor hennar arbeidsområde. Jofrid synest ho har eit givande arbeid, både på kontoret og i ulike typar besøkstenester til eldre - og i sorgarbeid for etterlatne.

Jofrid opplever omsorg på arbeidsstaden. Miljøet der er nesten for godt til å vera sant, seier ho. Nå er ho på leit etter nytt arbeid, og me ønskjer henne lukke til vidare.

**Marit Høie Hetland** (45), har jobba som diakon i Time i 14 år, men har nå akkurat takka ja til ei trus-opplæringsstilling knytt til Bryne kyrkjelyd. Ho er oppvaksten på Sandnes, og bur med mann og fire born på Bryne. Det er ei god og praktisk løysing - midt mellom foreldre/besteforeldre på Varhaug og Sandnes.

Marit er utdanna sjukepleiar, har kristendom grunnfag frå NLA, og har diakoni frå Diakonhjemmet i Oslo. Hausten 2004 var ho nesten ferdig med utdanninga, og fekk då eit års-vikariat i Time. I 2005 hadde ho fødselspermisjon, og frå hausten 2006 fekk ho fast stilling i Time. Våren 2007 vart ho vigsla til diakon-stillinga. Marit opplevde undervegs at Gud la tinga praktisk til rette for henne.

I diakonikvardagen er det er nok av oppgåver å gå inn i. Årshjulet inneheld fleire arrangement som kjem igjen kvart år, til dømes mjnnegudstenesta, open kyrkje ved allehelgensdag, haust- og vårfest for alle +/- 60 - og fasteaksjonen. Året rundt er det også til dømes sorg-grupper, jubilentbesøk, andaktar og søndagstreff.

Både Marit og Jofrid synest det har vore godt å vera to i arbeidet. Dei set pris på å møta den enkelte, og synest det er inspirerande å møta menneske som ønskjer ein medvandrar. Marit vil trekkja fram samarbeidet med alle dei frivillige, det er verdifullt. Ho er òg glad for opne og inkluderande kyrkjelydar, der folk ser - og bryr seg. I slike fellesskap kan ein få vera seg sjøl - og møta Gud på ein trygg og god måte.

Målet i arbeidet er å møta menneske. - Dersom me får vera med å dela litt av Guds kjærleik med nokon som treng ei påminning om det, så har det vore ein meningsfull dag, seier dei.

Tekst og foto: LHH

## Velkommen som ungdomsarbeider, Martin!



*Martin Berge*

Alltid smilende og blid, med glimt i øynene og stort hjerte for ungdommene på Lye: Vi ønsker Martin Berge velkommen som ny ungdomsarbeider på Lye forsamlingshus!

Martin er fra Lende, har lang fartstid i ungdomsarbeidet på huset og er ivrig engasjert i KRIK Lye hver fredag. Både innen konfirmentarbeid og trosopplæring er han en verdsatt og stødig medarbeider. Martin studerer ved universitetet i Stavanger og er etter planen ferdig utdannet lærer om 3 år.

Et helgearbeid skal bygges opp igjen, og Martin og styret er godt i gang med å drømme og legge planer for arbeidet. En viktig suksessfaktor er involvering og bredt engasjement. Martin forteller til Helgedagen at alle skal føle at de har en tilhørighet og en funksjon i arbeidet. «Vi har valgt å lage forskjellige grupper som lovsangsteam,

lyd, lys og scene, kioskgruppe, pyntegruppe og aktivitetsgruppe. Disse gruppene skal være åpne for alle som har lyst, uansett bakgrunn. Vi er åpne for å lage andre grupper dersom noen kommer med forslag», sier Martin.

Hvilke drømmer har du for ungdomsarbeidet på Lye?

Martin er klar: «Styret og jeg har drømt og kommer til å fortsette å drømme en del sammen. Vi ønsker å skape et miljø der alle kan komme som seg selv og føle seg akseptert. Vi vil ha fokus på å spre Guds ord. Samtidig har vi troen på at lav terskel er nødvendig når man skal drive et ungdomsarbeid. Vi vil nå ut til ALLE ungdommene på Lye, og da er det viktig at ungdommene ikke skal føle at de må ha en spesiell bakgrunn for å komme.»

Kan du røpe når dere er klare for oppstart?

«I utgangspunktet har vi siktet oss inn på slutten av april, men det er ikke helt satt enda. Vi har snakket litt om å muligens ha noen happeninger før selve arbeidet starter opp. Dette vil det bli informert om.»

Stopp gjerne og ta en drøs med Martin om ungdomsarbeidet, – han har mange tanker og spennende drømmer han gjerne deler.

Vi har Martin og ungdommene med i våre bønner!

Anna Bergitte Skårland

### Felles pilegrimsvandring for heile Jæren prosti

2. påskedag, 22.04.2019, kl. 11.00.

Pilegrimsvandring frå Nærlandsparken via Håtangen til Kristkrossen på Njærheim.

Me startar med kort friluftsgudsteneste. - Vandringa tek til straks etter. Velkommen til å vere med bare på gudstenesta også.

